



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk DA

### for hyttefolket

Ekstraavgåve April 2003 Årg. 10

## Tømekalender

Tidlegare har me sendt ut tømekalender til alle hytteeigarar i slutten av året. Det er vel likevel dei færreste av hyttefolka som i grunnen har bruk for tømekalenderen. **I staden får de difor dette bladet, som er laga med tanke på å få med all viktig informasjon for hytteeigarar i området, og til vinteren vil de ikkje automatisk få tilsendt tømekalender.** Har du abonnement som hus, eller av andre grunnar ynskjer tømekalenderen, bed me om at du tek kontakt med oss for å få han tilsendt, eller lastar han ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as).



## Kvar finn du hyttekonteinarane?

*I denne utgåva av SIM-nytt finn du ei oversikt over kvar alle hyttekonteinarane er plasserte.*

## Ny hyttesesong for døra

**Snart er det påske, og frå då av og utover sommaren strøymar båt- og hytteturistane til området vårt.**

Det er kjekt å ta imot turistar frå fjern og nær, Sunnhordland har masse nydeleg

natur og flotte hytteområde som både me og tilreisande veit å setja pris på. Hjelp oss å halda det reint og ryddig i kommunane våre!



## Miljøsentralen er til for hyttefolk òg

Har du avfall som er for stort til å få inn i hyttekonteinarane, kan dette leverast til miljøsentralen i kommunen. Her kan du òg levera elektrisk og elektronisk avfall, treverk, hageavfall, papir, papp, stålskrap og ikkje minst farleg avfall som lim, lakk, sprøytemidlar og så vidare. Opningstider for miljøsentralane finn du på siste sida. For farleg avfall og hageavfall betalar du ingenting, for grovavfall og anna betalar du 75 kroner for ein liten bil/hengjar, eller 175 kroner for ein stor bil/hengjar.

*På miljøsentralen sorterer du sjølv alt avfallet du har med deg.*



## Auka kapasitet på hyttekonteinarane

**I 2002 og 2003 har SIM satsa på å forbetra hytterenasjonen mykje.**

Me har sett ut rundt 30 konteinarar på 8 m<sup>3</sup> kvar, og fleire nye vil verta sette ut i løpet av sesongen. Dermed vil det totale volumet på hyttekonteinarane vera auka med rundt 25 % i høve til 2001. Samstundes er mange gamle og slitne konteinarar fjerna.

Frå påske til om lag fyrste september vert hyttekonteinarane tømde kvar

## Små innkastluker er naudsynt

All røynsle har vist oss at det ikkje nyttar å la hyttekonteinarane stå med store, opne luker. Då vert dei på eit blunk fylde opp med grovavfall frå både fastbuande, næringsdrivande og hyttefolk. Dermed ville ikkje hytteabonnentane få den vara dei betalar for. For å unngå dette problemet er

veke. Slik det er no har hyttefolk faktisk minst like stort volum til disposisjon som ein vanleg husstandsabonnet, nokre stader har dei opp til dobbelt så stort volum. Me vonar kapasiteten no skal vera stor nok til å greia den jamne trafikken i hyttesesongen. I toppsesongane kan det framleis vera naudsynt med ekstra tømingar.

## Ring oss om noko er gale!

Kjem du til ein overfull konteinar, ein der boset flyt utover, eller noko anna ikkje er slik me har lova det, ver venleg å ta kontakt med SIM. Me arbeider hardt for å halda det reint og ryddig kring hyttekonteinarane, men dersom me ikkje får melding om problema, kan det vera vanskeleg å få retta opp i dei.

**Telefon 53 45 78 50**



*Kjem du til ein konteinar som ser slik ut, ring SIM!*

# Trivelege nærrområde

Hyttekonteinarane er plasserte på sentrale stader, og det har mykje å seia for nærmiljøet at det ser reint og triveleg ut rundt dei. Det er ikkje til å koma ifrå at det kan bli litt lukt rundt hyttekonteinarane på dei varmaste dagane, men sjåførane på bosbilane har instruks om

å rydda kring konteinarane og sprøyta dei med insektdrepende middel for å minska plagene. Det er uhyre viktig at hytteeigarane plasserer avfallet i konteinarane, og ikkje utanfor. Dersom nokon har plassert noko utanfor konteinarane tyder det som oftast ikkje at kontei-

naren er full, berre at dei som gjorde det var for late til å stappa avfallet inn gjennom lukene. Hjelp til å halda nærområdet ryddig og reint! Det er fritt fram å bruka alle hyttekonteinarane i SIM-området, sjølv dei som ligg i ein annan kommune enn den der du har hytte.

*Ved inspeksjon i fjor sommar fann me masse avfall utanfor denne hyttekonteinarane i Uggdal. Konteinarane var nesten tom. Her er òg døme på ulovleg avfall (til dømes kaffitraktaren) som burde vore levert til miljøsentralen.*



## Hyttekonteinarar er berre for hyttefolk!

Det er berre dei som betalar abonnement for fritidsbustad til SIM som har lov til å nytta hyttekonteinarane. Andre som brukar konteinarane stelplass som hytteabonntane betalar for. Me prøver heile tida å informera både fastbuande og næringsliv om dette, men skal me greia det, treng

me hjelp frå dykk. Dersom de observerer at hyttekonteinarane blir nytta av næringsdrivande eller andre som ikkje har noko der å gjera, bed me om at de kontaktar SIM og melder frå. Slik kan me ta opp problemet direkte med dei det gjeld, og prøva å hindra at det gjentek seg.



## Her finn du hyttekonteinarane:

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Nordrevågen
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai
- Bømlø/Langevåg Käso
- Espevær
- Lykling kai
- Bærøy
- Finnås
- Møster v/posten
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsdaalen v/ Miljøsentralen
- Urangsvåg
- Bjødledalen v/busstogg (vert utplassert)
- Aga – kryss v/Rolfnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

### Fitjar

- Dälfjorden – Lønevåg
- Dälfjorden – Skaraneset
- Kuarvågen – v/ båthamn Koløy
- Helland
- Kalveid v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide – over riksveg v/verkstad

### Kvinnherad

- Vestervik – v/tunnel
- Stussvik – i vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve Sentrum
- Netland
- Gjermundshamn – v/venterom
- Varaldsøy v/kai
- Løfallstrand ferjekai
- Rosendal v/gjestebygge
- Uskedalen v/Sandakaaien
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Husnes v/skulen
- Sunde ferjekai
- Utåker ferjekai
- Sydnas ferjekai
- Toftevågen
- Eidsvik v/gamleskulen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Larstø v/kaien
- Arnavik
- Borgundøy

### Stord

- Leirvik kai v/ Fokus Myhrer Matsenter
- Førlandskryssset
- Fjellgardane
- Felles Fitjar v/Eide
- Vikanes
- Dälfjorden v/hyttefelt
- Sagvåg v/kai
- Føyno

### Sveio

- Valevåg
- Tittelsenes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Hope
- Håvardsholm
- Førde kai
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kryss Kvalvågnes
- Steinbrot nord for Eilerås
- Birkeland
- Mjelkeneset
- Kryss Sveiåsen
- Lid
- Haukås
- Rød
- Kryss Fagerland
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Nordskog
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Skålaskog
- Vikse
- Ekrene
- Ekrene v/ busstopp riksveg

### Tynes

- Kryss Skorpo
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/ kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lukksund bru
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss
- Godøysund
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai



## Opningstider

### Miljøsentralane

#### Austevoll, Porsdalen,

Tlf/faks 56 18 56 42

Torsdag: 10.00 - 18.00

Siste laurdag kvar månad

i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Bømlo, Hollundsdaalen

Tlf. 53 42 17 80, faks 53 42 17 81

Tysdag: 08.00 - 14.30

Torsdag: 12.00 - 18.00

Siste laurdag kvar månad

i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Tlf. 53 45 78 50, faks 53 45 78 60

Måndag: 08.00 - 18.00

Tysdag - fredag: 08.00 - 15.30

Annankvar laurdag: 09.00 - 12.00

(veker med partal vekenr.: 2, 4...)

Mottak for spesialavfall også på

Vabakkjen, Stord, same opningstid som bensinstasjonen.

#### Kvinnherad

Husnes industriområde,

Tlf. 53 47 13 90, faks 53 47 30 63

Måndag-tysdag: 08.00 - 13.00

Torsdag: 13.00 - 19.00

Fredag: 08.00 - 13.00

Siste laurdag

Kvar månad: 09.00 - 14.00

#### Sveio, Sveiåsen,

tlf. 53 74 15 20, faks 53 74 15 21

Måndag: 10.00 - 18.00

Siste laurdag kvar månad

i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Tysnes, Eredalen,

Tlf. 53 43 41 11, faks 53 43 41 12

Tysdag: 10.00 - 18.00

Siste laurdag kvar månad

i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00



**SIM**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk DA

Svartasmoget,  
N-5419 Fitjar  
telefon 53 45 78 50  
telefaks 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as



Fiskeutstyrsbutikken til Rolf E. Larsen er næraste nabo til hyttekonteinaren i Urangsvåg på Bømlo

## Kva med naboen?

**Rolf E. Larsen driv ein fiskeutstyrsbutikk i Urangsvåg på Bømlo, det har han gjort i 20 år no. Han er næraste nabo til ein hyttekonteinar – noko som er både positivt og negativt, tykkjer han.**

– På den eine sida kjem her jo mykje folk, og mange er jo innom butikken når dei fyrst stoppar ved konteinaren. På andre side kan det vera både luktplager og avfall som flyt utover, fortel han.

### Bruk konteinarane rett

Larsen meiner det er ei grei ordning med hyttekonteinarane, når berre folk brukar dei rett. Han har opplevd mange rare episodar

her opp gjennom åra. – Nokre tyskarar som leigde hytte her hadde visst fått vita at dei kunne kasta avfallet ved butikken min. Dermed kom dei heilt opp i tunet og stappa full mor mi sine private dunkar, humrar han. Heldigvis fekk han renovatøren til å tømme ekstra, slik at det løyste seg greitt.

Elles er det eit problem at turistane ofte har det så travelt når dei skal hiva boset sitt. Då har dei gjerne stappa store sekker heilt fulle, og slengjer dei frå seg utanfor konteinaren. Då er fuglane raske til å riva det utover, og er det vind i tillegg kan det forsøpla eit stort område på eit blunk. – Putt avfallet oppi konteinaren, oppmodar han.

### Juli er høgsesong

Larsen og ein nabo på andre sida av konteinaren har teke på seg å halda oppsyn med konteinaren, og ryddar ofte opp når folk har plasert boset utanfor. – Me vil jo gjerne ha det triveleg rundt oss, og eg vil jo ikkje skremma kundane vekk heller, seier han. Det har likevel vorte betre etter at den nye konteinaren kom på plass i fjor, og han ser fram mot ein ny hyttesesong. Juli er den travlaste månaden, det er òg då det er mest lukt frå konteinaren. Då er det ekstra viktig at han vert tømnd og sprøyta kvar veke, og at boset ikkje flyt utover. – Det er travelt om sommaren, men triveleg med liv i bygda, seier han.